



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
19/577- 20/3884	K1-14, K3-&37	Ingunn Bårtvedt Skjerdal 95984646	26.05.2020

Kommunal planstrategi for Aurland kommune 2020-2023

Saka gjeld:

Kommunal planstrategi vert lagt fram for handsaming jf plan og bygningslova § 10-1

Tilråding frå rådmannen:

Aurland kommune vedtek med heimel i plan og bygningslova § 10-1 2. ledd kommunal planstrategi for Aurland kommune 2020-2023 slik den ligg føre.

Før vedtak i kommunestyret vert planstrategien gjort kjent i minimum 30 dagar før kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Saksframlegg

Plan og bygningslova § 10-1 handlar om kommunal planstrategi:

- den stiller karv om at kommunestyret minst ein gong kvar valperiode og einast innan eit år etter konstituering utarbeidar og vedtek ein kommunal planstrategi
- planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling
- kommunen skal innhente synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar
- kommunen bør legge opp til brei medverknad og allmenndebatt som grunnlag for handsaminga
- forslaget skal gjerast kjent i 30 dagar før kommunestyret sin handsaming.
- kommunestyret skal ta stilling til om heile eller delar av gjeldande kommuneplan skal reviderast eller om den skal vidareførast utan endring.
- kommunestyret kan ta stilling til om det er behov for å sette i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast

Planstrategien gjer greie for dei formelle krava til kommunen sine plandokument i kap 1. I kap. 2 vert det kort gjort greie for nasjonale forventingar til den kommunale planlegginga, regionale forventningar er også nemnt heilt kort. I kap. 3 er det ein gjennomgang av plansystemet i Aurland. I kap 3.2 er plansystemet slik vi ønsker å bruke det framover definert. I kap 4 er det ein kort presentasjon av utfordringane henta frå utfordringsnotatet, ein gjennomgang av status for planar i førre planstrategi og ei vurdering av planbehovet. I kap 5 er sjølve planstrategien med ei vurdering av

kva for planar kommunen skal prioritere å jobbe med og når arbeidet skal utførast i fire års perioden. Planstrategien har fokus på det kommunale plansystemet

I arbeidet med planstrategien er det lagt vekt på å bygge opp kunnskapsgrunnlaget <https://www.aurland.kommune.no/kunnskapsgrunnlag.528190.nn.html> og det er utarbeidd eit utfordringsnotat som følgjer som vedlegg til strategien.

Etter at innspel er innhenta frå statlege og regionale myndigheiter og nabokommunar skal planen sendast til kommunestyret før endeleg vedtak.

Vurdering

Strategiske drøftingar kring samfunnsutvikling i Aurland kommune er ikkje ein del av denne planstrategien. Det same gjeld brei medverknad og allmenn debatt. Planstrategien tilrår at samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen vert revidert. Og det er ønskeleg å ta strategiske drøftingar og allmenn debatt i inn i arbeidet med kommuneplanen.

Det viktigaste grepet i planstrategien er ein nærare gjennomgang og definisjon av plansystemet i Aurland kommune. Plansystemet definert i plan og bygningslova og kommunelova krev kontinuerleg oppfølging spesielt for å få til eit samsvar mellom strategiar, mål og tiltak i planane som vert utarbeidd og i alt arbeid som kommunen gjer.

Uprenta vedlegg til saka:

Vedlegg til saka:

Kommunal planstrategi 2020 2023 utkast
Utfordringsnotat - 20.05.20